



Innst. 85 S

(2015–2016)

Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Prop. 26 S (2015–2016), kap. 1137

Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om endringar i statsbudsjettet 2015 under Landbruks- og matdepartementet

Til Stortinget

Samandrag

Regjeringa v/Landbruks- og matdepartementet gjer i proposisjonen framlegg til endra løyvingar under einskilde kapittel, mellom anna kap. 1136 og kap. 1137, i statsbudsjettet for 2015.

Kap. 1137 Forsking og innovasjon

POST 50 FORSKINGSAKTIVITET, NOREGS
FORSKINGSRÅD

Norsk institutt for bioøkonomi er gjeve oppdraget å greie ut og gi ny kunnskap om korleis rovvilt-bestandane har påverka utviklinga i landbruket. For å dekkje kostnadene ved dette arbeidet vert det gjort framlegg om å overføre 1 mill. kroner frå løyvinga til forskingsaktivitet under kap. 1137 post 50 til kapitlet

for kunnskapsutvikling m.m., kap. 1136 post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi.

Kap. 1137 post 50 vert etter dette redusert med 1 mill. kroner for 2015.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Christian Tynning Bjørnø, leia- ren Trond Giske, Martin Henriksen, Tone Merete Sønsterud og Marianne Aasen, frå Høgre, Henrik Asheim, Norunn Tveiten Benestad, Kent Gudmundsen og Kristin Vinje, frå Framstegspartiet, Sivert Bjørnstad og Bente Thorsen, frå Kristeleg Folkeparti, Anders Tyvand, frå Senterpartiet, Anne Tingelstad Wøien, frå Venstre, Iselin Nybø, og frå Sosialistisk Venstreparti, Torgeir Knag Fylkesnes, har ikkje merknader og sluttar seg til proposisjonen.

Tilråding frå komiteen

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
			Utgifter
1137		Forsking og innovasjon	
50		Forskningsaktivitet, Noregs forskingsråd, blir redusert med	1 000 000
		frå kr 258 662 000 til kr 257 662 000	

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 1. desember 2015

Trond Giske

leiar

Anne Tingelstad Wøien

ordførar